



GISKE KOMMUNE INNFØRER EIGEDOMSSKATT

Giske kommunestyre har vedtatt å innføre eigedomsskatt for alle eigedommar frå og med 2014, jf. eigedomsskattelova § 3a. For bustadeigedommar har kommunen valt å nytte bustadverdi (formuesgrunnlag) frå skatteetaten som grunnlag for fastsetting av skatten. Dette er ei ny form for taksering som gjeld frå 2014. Sidan skatteetaten ikkje har formuesgrunnlag for alle bustadeigedommar i kommunen, må ein ha synfaring og taksering av dei resterande bustadene.

SYNFARING OG TAKSERING

Eigedommar der vi ikkje får bustadverdi (formuesgrunnlag) frå skatteetaten skal takserast i medhald av eigedomsskattelova § 8a-2:

«Verdet av eigedomen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eigedomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal»

Fritidseigedommar og bustad på landbrukseigedommar skal også takserast. Det same gjeld eigedommar der det berre står garasje, uthus eller naust, samt ikkje utbygde eigedommar.

Ved taksering av eigdommen din vil ein gå ut frå dei faktaopplysningane som er registrerte i eigedomsregisteret matrikkelen. Vidare vil eigdommen bli kontrollert og vurdert etter takseringsreglar som er fastsette av kommunalt oppnemnd sakkunnig nemnd. Der vi manglar opplysningar om areal, vil bygningane bli målte ved utvendig oppmåling.

Synfaringa skjer normalt utvendig. Det er ikkje nødvendig at du er heime når synfaringa pågår. Om du likevel ynskjer å delta, eller har innspel til synfaringa, må du gi beskjed til kommunen sitt servicekontor snarast råd. Du vil då bli kontakta før synfaringa tar til.

NÆRINGSEIGEDOMMAR, VERK OG BRUK

Dette er eigedomstypar som vil bli takserte etter ein meir omfattande metode, og det blir gitt meir informasjon om dette i samband med synfaringa.

RETNINGSLINJER FOR TAKSERING

Giske kommune har valt sakkunnig nemnd og klagenemnd. Det er sakkunnig nemnd som har ansvaret for takseringsarbeidet, og som fastset eigedomsskattegrunnlaget på eigdommen. Sakkunnig nemnd og klagenemnd er politisk valde nemnder.

INFORMASJON FRÅ KOMMUNEN OM EIGEDOMSSKATTETAKSERING:

For meir informasjon, sjå heimesida til Giske kommune:
www.giske.kommune.no

Ved spørsmål om eigedomsskatt – allmenn taksering – kan du vende deg til Giske kommune.

KONTAKTINFORMASJON:

Giske kommune v/ servicekontoret

Tlf.: 70 18 80 00

e-post: post@giske.kommune.no



EIGEDOMMAR MED FORMUESGRUNNLAG

Om du eig bustad der kommunen har fått formuesgrunnlag frå skatteetaten, skal det ikkje gjerast synfaring av din eigedom. Om du berre eig slik bustad, vil du ikkje høyre meir om eigedomsskatten frå kommunen før skattesetlane vert sende til eigarane i juni 2014.

OM SKATTEETATEN SIN BUSTADVERDI – GJELD BERRE DEI MED FORMUESGRUNNLAG

Skatteetaten sin bustadverdi må ikkje forvekslast med likningsverdien som kjem fram i sjølvmeldinga. Bustadverdien er eit overslag over bustaden sin verdi i marknaden, berekna ut frå areal, byggjeår, bustadtype, plassering og opplysningar om omsette bustader i kommunen. Likningsverdien er ein kalkulert verdi med utgangspunkt i bustadverdien (marknadsverdien). Likningsverdien for ein primærbustad utgjer 25 % av bustadverdien (formuesgrunnlaget). Primærbustad er bustad ein eig og bur i sjølv.

KVAR FINN DU BUSTADVERDIEN (FORMUESGRUNNLAGET)?

Faktaopplysningar om bustaden finn du under «grunnlag for likningsverdi» på side 2 i sjølvmeldinga for 2012. Om opplysningane om bustaden er feil, må du sende klage til skatteetaten. Det gjeld også dersom du meiner bustadverdien er for høg i forhold til antatt marknadsverdi.

UTREKNING AV SKATTETAKSTGRUNNLAGET FOR EIGEDOMMAR MED FORMUESGRUNNLAG

For å rekne ut skattetakstgrunnlaget har kommunen tatt utgangspunkt i skatteetaten sin bustadverdi. Ved utskriving av eigedomsskatten skal kommunen redusere bustadverdien ved å multiplisere han med 0,67 i år 2014. Skattesatsen er 2 promille i 2014.

EKSEMPEL

Likningsverdi frå sjølvmeldinga 2012:		kr	500 000,-
Bustadverdi (formuesgrunnlag):	kr 500 000,- x 4	kr	2 000 000,-
Grunnlag for eigedomsskatt:	kr 2 000 000,- x 0,67	kr	1 340 000,-
Berekna eigedomsskatt for 2014:	kr 1 340 000,- x 2 ‰	kr	2 680,-

KONTAKTINFO SKATTEETATEN:

Informasjon om bustadverdien (formuesgrunnlaget) frå skatteetaten:

<http://www.skatteetaten.no/bolig>

Telefon til skatteetaten: 800 80 000 (09:00 - 15.30 på kvardagar).

NÅR FÅR DU MELDING OM TAKST OG SKATT?

Takst og utrekna eigedomsskatt vert lagde ut til offentlig ettersyn i slutten av juni 2014. Du vil då få tilsendt informasjon om taksten på din eigedom og eigedomsskatten du skal betale, samt informasjon om klagerett.

